

Ænes 18.03 2013

Høring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden

Syner til Dykkar høyringsbrev i nemnde sak.

FISKERIDEP.
25.03.2013
ARKIV

Æneselva strekk seg frå Hardangerfjorden og opp mot Folgefonna. Vatnet i elva kjem i stor grad frå Folgefonna og er kaldt.

Historisk sett har elva vår vore ei sjøareelv. Laks er noko som har etablert seg dei siste åra, men yngel har grunna det kalde vatnet hatt utfordringar med å overleva. Elven har vore freda for fiske etter sjøaure sidan andre halvdel av 90-talet men ope for fiske etter laks. Det er teke ein del laks, men dei siste åra også mykje sjøaure (sett ut att). Slik ~~me~~ kan sjå det, har bestanden av sjøaure vore i god vekst dei siste åra. Samstundes har talet på oppdrettslaks vorte sterkt redusert. ~~Me~~ ^{eg} kjenner ~~oss~~ ikkje igjen i måten Fiskeridepartementet synleggjer utviklinga i vår region.

~~Me~~ ^{eg} skal ikkje seia mykje om oppdrett, men ~~me~~ ^{eg} stussar på at Fiskeridepartementet ynskjer å senka biomassen i fjorden. ~~Me~~ ^{eg} trudde at målet måtte vera å senka talet på lus og talet på rømt fisk, og ikkje vekta på fisken som står i fjorden.

Med helsing

~~Ænes-elveorganisasjon~~

Leif Sveine Ænes
Elveorgan og fiskekontrollen i ÆNESELVA

22.03.2013